

Til foreldra på 1.årstrinn

Tida går fort og snart har de ein 1.klassing i huset. Nokre av dykk har hatt elevar her ved skulen i mange år, og for andre er det første gongen. Her kjem litt praktisk informasjon som kan vere nyttig for alle, men kanskje spesielt for "nye" foreldre.

1. skuledag.

Torsdag den 19. august kl.8.00 startar vi. Det er fint om ein av foreldra kan fylgje og vere i lag med oss den første timen. Elevane må ha med mat til skulemåltidet og skuledagen er slutt kl.12.30. Det blir delt ut timeplan denne dagen. Dersom elevane skal på SFO, må dei ha med ekstra mat. (Måltid ca. 13.30.)
Lærar til den nye 1.klassa er Solveig Dalhaug Ulla.

Skuledagen

Skuledagen startar kl.8.00 kvar morgon. Når elevane kjem, kan dei vere på "sitt" klasserom til klokka ringer. Ein av lærerane går frå rom til rom og har tilsyn med elevane frå kl.7.50.

På måndag og tysdag er skuledagen slutt kl.13.00, onsdag, torsdag og fredag sluttar dei kl. 12.30. (Sjå tilbod om leksehjelp under)

Leksehjelp for 1.-4.klasse (nytt av året):

Leksehjelpe vil vere på onsdagar og torsdagar, mellom kl. 12.30-14.30, fordelt på to grupper. Ein melder seg på for eit halvår om gongen.

NB! Sjølv om elevane er påmeldt leksehjelp, presiserer vi at foreldra framleis må følgje opp elevane sitt heimearbeid: Sjå over det dei har gjort saman med eleven og øve på leseleksar saman med dei.

Henting og bringing

For å unngå farlege situasjonar ved henting og bringing av elevar med privatbil, må parkeringsplassen innom skulen nyttast og ikkje busslomma nedanfor skulen.

Mjølke og frukt

Det er høve til å bestille mjølke og frukt på skulen, der ein betaler ein gong i halvåret.

Utstyr som elevane treng

- Ransel og penalhus med gode fargeblyantar
- Lette innesko (merka med namn)
- Byteklede (merka med namn)
- Gymbag med gymsko, t-skjorte, shorts eller joggebukse. Denne må vere på plass til gymtimane. (Vi dusjar ikkje i 1.klasse)
- Tursekk. På utedagar må elevane ha med ferdig pakka tursekk med sitjeunderlag, mat og eventuelt drikke, viss dei vil ha noko anna enn skulemjølke.

SFO

Beskjedar til SFO må vere skriftlege (lappar), eller munnlege (ev. telefon) frå foreldra. Munnlege beskjedar frå borna er ikkje nok.

Skulle det vere andre ting de lurer på så er det berre å ta kontakt med skulen.

Elles vil vi oppfordre dykk om å gå inn på heimesida vår (<http://gs.haram.kommune.no/s19/>) og sjå på bilete og gjere dykk litt kjend med skulen.

M.v.h. rektor, Tanja M. Otterlei